



Haustetidsvurderingar for Nordfjord 16. september 2019

Måndag 16. sept er det teke ut to kontrollprøvar av Raud Gravenstein og sju prøvar Raud Aroma. Raud Gravenstein er under hausting i tidlege felt, seinare felt kan starte opp ut i denne veka. Summerred må haustast også i seinare felt.

Raud Aroma kan starthaustast i tidlege felt over komande helg, seinare felt bør hange på utover mot slutten av neste veke.

Sjå på grunnfargen under hausting, denne skal vere skifta til lys gul når frukta er hausteklar, tilsvarande C3 på fargevifta.

Raud Gravenstein			Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	E T Rake	G A Vereide		
Adresse	Rake	Vereide		
Prøve nr	1	2		
Dato	16.09.2019	16.09.2019		
Fruktvekt (g)	226 g	247	30 % dekkfarge	30 % dekkfarge
Avling	2 til 3	3		
Fastleik	6,8	7,3	6,5-7,5	min 6,0
Refraktom.	11,4	12,3	10,8	min 11,0
Stive	4,3	5,4	5,0-7,0	
Streif	0,139	0,11	0,09-0,16	

Prøve 2:





Prøve nr 2 er komen lengst i stivenedbryting, og sukkerinnhaldet i epla har auka siste veka. Grunnfargen er blitt lys gul tilsvarende C3 på fargevifta, samtidig er dekkfargen på plass og frukta løsnar i stilkfeste under plukking. Smaken er godt utvikla og haustinga bør no starte opp.

Prøve 1:



Prøve nr 1 har litt meir stive att i epla, men har godt utvikla farge og haustinga nærmar seg. Fastleiksverdien har gått ned siste veka og haustinga må starte opp ut i denne veka før frukta blir for mjuk.



Raud Aroma Til Rettlei. Bama*

Dyrkar	K O Loen	E T Rake	K Strand	G A Vereide	M Andenes	B Tystad	J Slagstad		
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Andenes	Vereide	Vereide		
Prøve nr	1	2	3	4	5	6	7		
Dato	16.09.2019	16.09.2019	16.09.2019	16.09.2019	16.09.2019	16.09.2019	16.09.2019		
Fruktvekt (g)	174	191	204	182	175	177	188	50 % dekkf.	50 % dekkf.
Klon	Fagravoll	Ylvisåker	Fagravoll	Ylvisåker	Ylvisåker	Ylvisåker	Ylvisåker		
Avling	3	3	3	3	3	3	3 til 4		
Fastleik	6,9	6,3	6,3	6,8	7	7,2	6,8	6,5-7,0	min 5,0
Refraktom.	11,3	10,5	10,9	11,2	10,3	10,7	11,3	11,2	min 11,0
Stive	3,9	4,2	3,8	3,6	2,7	3,8	3,5	4,0-6,5	
Streif	0,157	0,177	0,152	0,168	0,251	0,177	0,17	0,07-0,12	

*I 2018 vart Raud Aroma og gul Aroma pakka med felles krav på 30 % dekkfarge. Det gjenstår å sjå om dette blir gjeldande også for 2019. I kravspesifikasjonen til Bama er kravet til dekkfarge for Raud Aroma 50 %, for gul Aroma 30 %.

Prøve 3:





Prøve nr 3 (bileta over) har utvikla fin dekkfarge og grunnfargen er snart på plass. Denne prøva har (saman med prøve 2) lågast fruktfastleik (6,3), og nærmar seg nedre del av optimalområdet. Sukkerinnhaldet er på 10,9 og vil halde fram å auke etter kvart som stiveverdien blir høgare (når stiveverdien aukar minkar stiveinnhaldet, som blir omdanna til sukker). Ein ser at stiveinnhaldet varierar ein del i prøva, utan at det er feil på epla som har minst stive att. Eple som heilt misser stiveinnhaldet før hausting skil seg frå andre eple ved å bli skinande raude. Slike eple har dårleg lagringevne og bør sorterast ut. Feltet kan starthaustast over komande helg.

Prøve 6:



Prøve nr 6, dekkfargen er på plass og grunnfargen nærmar seg. Denne prøva har høgast fruktfastleik (7,2), men same stiveverdi som prøve 3. Også i denne prøva varierar stiveverdien mellom epla, utan at det er feil på epla som har minst stive att. Feltet kan starthaustast ut i komande veke.

Det blir teke nokre nye stikkprøvar frå Raud Aroma måndag 23. september.

Helsing
NLR Vest,
Rune Vereide